
Saknr: 2020/858-6
Saksbehandlar Berit Dianne Kilvær
Dato: 11.05.2020

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Status for arbeidet med personvern

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama i møte 25.11.19, sak 99/19, saka «Fylkesrådmannen orienterer om status i høve innføring av ny personvernlov».

Utvalet gjorde slikt vedtak:

- 1. Kontrollutvalet oppmodar om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune snarast råd gjer ei avklaring på kven som skal verta nytt personvernombod. I denne situasjonen bør det også vurderast om det kan vera føremålstenleg å skilje denne rollen frå personvernrådgyverrollen for Vestland fylkeskommune. Det er ønskjeleg med skriftleg orientering om dette til møte i kontrollutvalet 12.02.2020.*
- 2. Det vert oppmoda om at skriftleg orientering i høve punkt 1 vert å sende sekretariatet innan 27.01.2020.*
- 3. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune oppmoder om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune kjem med ny skriftleg og munnleg status i høve tilpassinga til ny personvernlov til siste møte i første halvår 2020 i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.*
- 4. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 18.05.2020*
- 5. Informasjonen vert elles teken til orientering*

Fylkesrådmannen følgjer med dette notatet opp pkt. 3 og 4 i vedtaket. Fylkesrådmannen tek også sikte på å vere til stades i møtet 8. juni og vil der kunne utdjupe innhaldet i notatet munnleg.

Bemanning:

Det felles personvernombodet for dei tidlegare fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane, Marianne Seim, slutta i stillinga si i Hordaland fylkeskommune før nyttår.

Vestland fylkeskommune har nyleg tilsett ein jurist som m.a. skal fülle rolla som personvernombod. Vedkomande startar i stillinga i august. Fylkesrådmannen går ut frå at funksjonen som personvernombod vil utgjere rundt femti prosent av stillinga. Organisatorisk ligg stillinga til seksjon for juridiske tenester, med arbeidsstad Leikanger.

I påvente av at eit permanent personvernombod skal kome på plass fungerer no juridisk rådgjevar på opplærings- og kompetanseavdelinga, Janne Damba, i rolla. Frå nyttår og fram til midten av

mars var det juridisk rådgjevar på HR-seksjonen, Markus Sørлие, som fylte funksjonen som personvernombod.

I tillegg til å vere personvernombod for dei to tidlegare fylkeskommunane var Marianne Seim personrådgjevar i Hordaland fylkeskommune. Det er no Geir Ove Johnsen som mellombels fyller denne funksjonen i Vestland fylkeskommune. Ei hundre prosent stilling som personrådgjevar er nyleg utlyst med arbeidsplass Bergen. Organisatorisk skal denne stillinga liggje under HR-seksjonen, HMS og kvalitetsstyring.

Vidare har fylkeskommunen nyleg tilsett ein rådgjevar innan IKT-tryggleik, Edvard Philo Winge Målsnes. Han har arbeidsplass Bergen og starta i stillinga 15. april. Stillinga ligg organisatorisk til staben i avdeling for strategisk utvikling og digitalisering.

Aktivitetar:

Den 5. mars arrangerte fylkeskommunen ein fagdag om personvern (GDPR-dag) på Bergen Maritime videregående skole med advokat Elin I. Sarai som føredragshaldar. Om lag 60 leiarar og fagpersonar i fylkeskommunen deltok på dette kompetansehevingstiltaket. Tema var m.a. avviksrapportering, samtykke som behandlingsgrunnlag og databehandlaravtalar. Føredraget til Sarai er lagt ut på nettstaden YouTube og er såleis tilgjengeleg for alle tilsette i fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen har fått utarbeidd ein overordna policy for «Informasjonssikkerheit og personvern i Vestland fylkeskommune». Styringsdokumentet er no tilgjengeleg for alle tilsette i Kvalitetsportalen på intranett. Det mellombelse personvernombodet og den mellombelse personvernrådgjevaren arbeider elles med ei rekkje andre styringsdokument for personvern som skal publiserast same stad. Dei jobbar også med å utarbeide nye behandlingsprotokollar og revidere fylkeskommunen sin mal for databehandlaravtalar.

KS har starta eit FoU-prosjekt som skal hjelpe toppleiarar i kommunar og fylkeskommunar med å syte for at krava til personvern og informasjonstryggleik vert etterlevd i kommunen/-fylkeskommunen sitt teneste- og verdiperspektiv. Hovudføremålet er å utvikle ei «verktøykasse» for toppleiernivået. I denne samanheng er fylkesrådmannen intervjuet av selskapet som utfører oppdraget, KPMG.

Avsluttande merknad

Personvern og informasjonstryggleik i ei så stor verksemd som Vestland fylkeskommune er eit krevjande og kontinuerleg arbeid, ikkje minst fordi den teknologiske utviklinga går svært raskt. Fylkesrådmannen er difor nøgd med at kontrollutvalet legg opp til å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon innan dette området i løpet av året.